



## Fylkesmannen i Vestland

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO  
Att. Ingegjerd Meyer

Vår dato:

23.11.2020

Vår ref:

2020/5992

Dykkar dato:

09.11.2020

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Anniken Friis, 5557 2313

## Fråsegn til avgrensa høyring - endra konsesjonssøknad Kvanndalselva kraftverk

---

**Fylkesmannen ber NVE nøyne vurdere samla belastning på naturverdiane i området. Negative verknader på klima knytt til omdisponering av karbonrike areal må utgreiaast. Forslag til nye kompenserande tiltak vil føre til ytterlegare naturinngrep i området, og vere uheldig for landskap og urørt natur. Fylkemannen er i tvil om fordelen ved utbygginga er større enn ulempene knytt til nye naturinngrep.**

---

Fylkesmannen viser til synfaring i området 13. oktober 2020 og avgrensa høyring med forslag til endra planar for bygging av Kvanndalselva kraftverk i Bjørnafjorden kommune.

I høyringsrunden har fleire partar vist til ønskje om kompenserande tiltak knytt til friluftsinteressene i utbyggingsområdet. Vest for Heihillerhornet er det etablert eit ski- og tursenter, med skiskytararena, 5 km lysløype og P-plass. Dette er eit viktig utgangspunkt for turar i kringliggjande fjellområde, med merka turstiar til topper og turmål. Området vert nytta både sommar og vinter.

Fleire høyringspartar peiker på at regulering av Holdhustjernet vil gjere det særleg vanskeleg å krysse vatnet på ski vinterstid, og at det vil legge hinder i vegen for å nyte områda nord og vest for vatnet, som Holdhusstølen, Langedalen og Engelifjellet. Det vert vist til at bygging av bru over elva ved terskelen i Holdhustjernet, samt opparbeiding av turveg langs austsida av tjernet fram til inntaket vil gjere det lettare å kome til viktige turmål i området.

### Reviderte planar

SKL har lagt fram reviderte planar for utbygginga, jf. notat av 27. 10 2020, *Tilsvar høringsuttalelser Kvanndalselva; Veier*. Det vert lagt opp til å oppgradere 700 m eksisterande traktorveg til vegklasse 7 frå veg ved skianlegget fram til terskel ved Holdhustjernet (blå line på flyfoto i notatet). Eksisterande bru over Åreidselva er i dag dimensjonert for vekt av brøytemaskin. Kraftverket foreslår å forsterke bruha eller krysse elva med vad i samband med anleggssarbeidet.



Vidare er det lagt fram planar om å bygge bru, alternativt vad, nedanfor terskelen i Holdhustjernet og ny permant veg 500 m vegklasse 7 fram til hovudinntaket (grøn line). SKL vil legge straumkabel og fiber til drift av målesystem for inntaket i vegen. Vidare er det lagt fram planar for mellombelse vgar fram til dei to bekkeinntaka i prosjektet (gul line).

Når det gjeld veg inn til påhogg ved borehole viser SKL til denne ikkje kan følgje røygata heile vegen, på grunn av lokale stigningsforhold. Kart i notatet viser mogleg trase for vegen. SKL foreslår å gjere vegen permanent for å nytte den til drift av anlegget. Grunneigarane ønskjer vegen i samband med landbrukverksemd.

SKL viser elles til at planlegging av tiltak som skildra over, må avklarast i samband med utarbeiding av miljø- areal- og transportplan (MTA-plan).

### **Merknader frå Fylkesmannen**

I samband med første høyringsrunde viste Fylkesmannen til at prosjektet må vurderast ut frå samla belastning på naturverdiane i området. Tidlegare utbygging og regulering av Botnavatnet gjer at områda med urørt natur som står att i området, har særleg verdi for naturmangfald, klima, opplevingsverdi og friluftsliv.

Reviderte planar vil føre til meir omfattande inngrep enn det som tidlegare er presentert.

Fylkesmannen kan sjå at bygging av permanent veg langs austsida av Holdhustjernet vil lette tilgangen til fjellområda mot Engelifjell, mellom anna for barnefamiliar og leirkuleelevar. Forslaget til kompenserande tilrettelegging illustrerer likevel konflikten knytt til neddemming av Holdhustjernet. Dette kommer i tillegg til tidlegare neddemming av Botnavatnet og andre inngrep. Bygging av veg langs Holdhustjernet vil bidra til ytterlegare fragmentering og øydelegging av naturområda, og vil føre til auka samla belastning. Slik Fylkesmannen forstår opphavleg konsesjonssøknad er ikkje veg langs Holdhustjernet ei føresetnad for drift av hovudinntaket.

Når det gjeld veg inn til boreholet, meiner vi det må vurderast kritisk om drift og tilsyn av anlegget er avhengig av motorisert transport, jf. naturmangfaldlova § 12 om å nytte mest løysingar som i størst mogleg grad avgrensar skade på naturmangfaldet. Landbruksinteresser i området er truleg svært avgrensa. Dersom vegen skal etablerast permanent, må dette avklarast etter forskrift om landbruksvegar.

Fylkemannen vil vidare be NVE vurdere i kva grad neddemming og omdisponering av karbonrike areal i prosjektet vil påverke klimagassutsleppa, og potensielt redusere framtidig opptak av karbon i området. Dette er eit tema som tidlegare ikkje har hatt stor fokus i utbyggingsprosjekt, men som i årå framover vil vere sentralt i samband med konsekvensvurderingar i all arealforvaltning.

Fylkesmannen er sterkt i tvil om at Kvanndalselva kraftverk bør få konsesjon, sett i lys av samla belastning på natur- landskap og friluftsinteressene i området.

Med helsing

Eline Orheim  
seksjonssjef

Anniken Friis  
seniorrådgjevar



*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

BJØRNAFJORDEN KOMMUNE  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE  
MILJØDIREKTORATET  
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV  
HORDALAND

Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Postboks 7900	5020	BERGEN
Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Tverrgaten 4	5017	BERGEN